



Gratis festivalavis  
23. årgang. Tillegg til  
*Sunnhordland*

# Handballfestivalen 2012



Sjefen på kjøkenet  
Side 4 og 5



Ungdommeleg mot  
Side 9



Stortalentet  
Side 6 og 7



Ekte skåringsglede  
Side 10 og 11

# Velkommen

## Kjære alle handballentusiaster!

**DA ER HELGA** me har sett fram til så lenge endeleg komen!

Pinsen på Stord er handballfest og Handballfestival. Med rekordstor påmelding lovar dette godt, og når også vårprofetane har lova oss sol og sommar, ligg alt til rette for ei fabelaktig helg. Men det som gjer at denne helga vert vårens vakraste eventyr, er alle som kjem tilreisande og alle fastbuande, som med sportsånd og samspel skal vise kvarandre at det å spele handball er kjekt og gir energi. Over 700 kampar skal spelast desse intense dagane i pinselhelga, men det er også lagt opp til mykje gøy og moro også utanfor banane. Det ligg difor til rette for mange nye og gode vennskap og kjennskap, og Stord kommune er svært stolt av å vera vertskap for eit slikt storslått arrangement.

Til slutt vil eg rette ei **STOR TAKK** til alle dei frivillige som denne helga løftar saman i

ein kjempedugnad for at festivalen skal bli så bra som mogeleg for den enkelte deltakar. Det er fleire tusen dugnadstimar som ligg bak, og dette er den største årlege fellesdugnad som vert utført på Stord. Til sist er det også den enkelte deltakar som vert viktige brikker for å få dette til å bli vårens eventyr på Stord.

Vonar de alle, med entusiasme, glede og i fellesskap greier å løfte årets Handballfestival til nye høgder – alt ligg til rette for det!

Beste helsing  
**Liv Kari Eskeland,**  
Ordførar



## Klar for den største Handballfestivalen gjennom alle tider?



**NO ER DET KLART,** Handballfestivalen 2012 vert den største gjennom alle 23 åra me har avvikla turneringa. Alle påmelde lag viser oss stor tillit ved at de ynskjer å komme til oss i pinsen – og eg skal garantera at me vil gjera alt me kan for at alle gjester skal få eit uforgløyemeleg opphald hjå oss i pinsen.

I år så nyttar me heile åtte ulike innkvarteringsplassar, dette gir ei utfordring med transport som me vonar på at me skal klare å løyse slik at alle vert fornøgd. Me veit at alle deltakarane ynskjer å bu på festivalområdet, men me håper på forståing for at me ikkje klarer å tilfredsstilla alle sine ynskjer. Dei som jobbar med innkvartering vil gjera sitt beste for at alle skal få det så bra som mogleg om natta.

Det vert mange kampar i år, faktisk over 800 kampar. Det er eit imponerande tal når me tenkjer på at nesten alle kampane vert spela på Vikahaugane område. Me nyttar også «Nordbygdohallen» for dei eldste spelarane, denne nye hallen ligg jo berre fem minuttars køyretur frå festivalområdet.

Me har også mange frivillige som er engasjert, eg har ikkje heilt oversikt enno – men me vil truleg ha over 500 frivillige som er med på denne store dugnaden. Alle medlemmer i klubben vår jobbar minst 10 timar dugnad under Handballfestivalen. Men mange av dei som er med jobbar tett på 100 timar dugnad denne helga (dei starter på torsdagen og er med heile helga). Så viss du har ein kollega/venn som har vore mykje med på HF, så må du vere snill med han/ho i neste veke...

Til slutt vil eg ynskja alle velkommen til «sommarøya Stord» og eg vonar på å sjå mange glade handballspelarar, leiarar, foreldre, besteforeldre på Vikahaugane i helga. Eg vil også oppfordre alle som ikkje har noko tilknytning til oss om å ta turen på til oss – det er eit gigantisk arrangement og eg kan garantere at ein tur opp til oss er «noko du ikkje vil gløyme».

Hjarteleg helsing  
Stord IL Handballgruppa  
Handballfestivalen 2012  
**Kjartan B. Grov**  
Festivalleiar

# Heilt rock'n roll på **Handballfestivalen**

**Handballavisa har fått brev frå to tilreisande lag - frå Randaberg. Her er deira rapport.**

Det er 11 spente jenter fra Randaberg HK Jenter 09 som i år reiser til Håndballfestivalen på Stord. Dette er den første turneringen med overnatting vi reiser til, og for noen er det også første tur uten foreldre. Det er derfor knyttet både spenning og forventninger til turen. Planlegging jentene imellom har foregått fra dagen det ble bestemt at vi skulle melde oss på turneringen. Noen av de «viktige» tingene, som hvem som skal ligge ved siden av hvem og hva vi skal ha med oss er avklart for lenge siden. Spesielt spennende er det med alle aktivitetene som foregår på «campus». Airballene skal prøves, vi skal på konsert, innmarsj, utmarsj, bading...

Det blir en travel helg. Selv om det er mye som skjer under festivalen, er det håndballkampene jentene gleder seg aller mest til.

«Jeg kommer til å ha sommerfugler i magen før vi skal spille kamp», sier Anja Pedersen og synes det er veldig spennende å skulle spille mot fremmede lag. At turneringen foregår ute ble først møtt med undring:

«Vi kan vel ikke spille håndballkamper ute? Hva om det regner?»

Vi tar utfordringen på strak arm og er klar for kamper uansett vær. Regner det blir det iallefall en opplevelse vi kommer til å huske lenge.

Randaberg HK Jenter 09 er altså klar for Håndballfestivalen 2012 for første gang.

«Det kommer til å bli helt rock n' roll» sier Hedda V. Knudsen og legger til på jenters vis: «...og kanskje får jeg lov å gå med Mascara.....».

**Hilsen Randaberg HK09**



Framme fra venstre: Marte Sørheim, Kaja Karlsen, Hedda V. Knudsen, Cathrine W. Merkesdal, Tilla Moi Pedersen. I midten fra venstre: Jannica Pettersen, Anja Pedersen, Angelika Berge Hiim, Oda Thorsen, Stine K. Skjæveland, Vilde Magnussen, Lisa Schilling, Josefne Bø. Bakerst fra venstre: Sølvi E. Vestnes (trener), Janne Magnussen (oppmann).

## Fjoråret ga mersmak

I år som i fjor drar Randaberg J13 til Håndballfestivalen på Stord.

Jentene og oss voksne var veldig spent i fjor da vi dro avgårde på vår første turnering med overnatting.

Vi hadde hørt mye positivt om denne turneringen av andre lag i Randaberg HK som hadde reist tidligere. Dette viste seg å stemme. Alle storkoste seg på og utenfor banen. Veldig bra opplegg med konserter og felles grilling for alle. Vi voksne syntes også at det var supert når alle tilstelninger var i gåavstand. Vi slapp derfor å tenke på transport. Jentene fikk lære masse på den helgen. Alle var fullt enig om at her skulle vi neste år også.

Fra å være 2 lag i fjor, reiser vi nå 9 lag fra Randaberg HK. Så dette har tydeligvis vekket interesse fra de andre lagene også.

Gleder oss til en minnerik pinse på Stord.

**Hilsen Randaberg HK, Jenter 13.**



## JORUNN BEKKENES

**Fødd:** 20/1-1951, Høyanger  
Flytta til Stord i 1971.  
Gift med Tore  
**Tre barn:** Siri (37), Trine (32) og Frode (28)  
Har sju barnebarn  
**Yrke:** Jobbar med løn i Apply TB  
**Favorittmusikk:** Pop frå 70-talet  
**Beste boka:** Les mest aviser  
**Favorittmat:** Ein god biff  
**Beste feriemål:** Kanariøyane, Kreta og Mallorca



Jorunn Bekkenes fekk sjokkmeldinga like etter at fjorårets festival var over. No er ho på ny klar for dugnad.

# Handballfestivalen den rette medisinen

**Like etter Handballfestivalen i fjor fekk Jorunn Bekkenes den tøffe meldinga om kreft. Men etter to store operasjonar og seks tøffe cellegiftkurar er ho klar for sin tjuetredje Handballfestival.**

– Det har aldri vore snakk om å gå glipp av ein Handballfestival. Eg la opp behandlinga slik at eg skulle vere klar til pinsen i god tid, ler Jorunn Bekkenes, som har lagt den tøffe tida bak. No er det kjøtkaker, taco og menyen til HF som surrar i hovudet på «sjefskokka» på Vikahaugane.

– Me får masse skryt for den gode maten vår. Slik som ei lita jente frå Bergen som kom bort til meg og sa: – Tusen takk for middagen. Desse var betre enn mormor sine kjøtkaker.

Når det handlar om mat til 2.500 menneske er det mange ulike ynskjer og krav. Somme toler ikkje egg eller mjølk, eller kan ikkje eta svin. Men med Ole Angeltveit og Vest Catering på laget fikar me det meste. Ingen skal reisa frå HF utan å bli mette.

#### Likar å ha kontroll

Etter 23 år i bransjen har Bekkenes det meste i hovudet eller på eit enkelt A4-ark.

– Har eg ikkje kontrollen på bestillingane eller maten så kan eg lett bli sur. Men heldigvis ordnar det meste seg, innrømmer 62-åringen.

Det er både store mengder og store summer det går i når det skal dekkast til frukost og middag på Vikahaugane.

8.000 personar skal innom matsalen og forsyna seg på desse tre dagane.

Her er Jorunn si handleliste.

7.000 kjøtkaker, 600 kg kjøtdeig til Tacomiddagen

700 brød, 6.000 pizzasnurrar og 3.000 brett med oppkutta frukt.

Dette er berre litt av det som er i omløp i løpet av ei hektisk helg på Vikahaugane.



**Dei veit ikkje kva det går glipp av. Eg forstår ikkje at det er eit ork å jobba dugnad. Du møter jo så mange positive menneske rundt deg heile tida. Det er travelt, men utruleg sosialt.**

– Det er mange gode samarbeidspartnarar, slik som Garman Bore som stiller med steikjeomnar og gode bakeprodukt til oss. Hennig Olsen stiller med både is og store frysebilar, fortel Bekkenes.

#### Var heilt gåen

– Kva hugsar du frå den første Handballfestivalen?

– Eg hugsar at me serverte mat nede i tronge gongar på formingsavdelinga på ungdomsskulen. I starten var eg vanleg serveringshjelp og auste opp kjøtkaker. Eg var heilt gåen i armen.

Etter at me kom opp i turnkassen har me hatt heilt andre forhold. Det er viktig at me har god komfort og høg kvalitet på maten. Eg kan ikkje hugsa at nokon har blitt dårlege av maten vår så lenge me har arrangert HF.

– Når byrjar du å tenkje på og planleggja maten til festivalen?

– He-he eg tenkje på Handballfestivalen heile tida. Men mykje av jobben blir gjort like før festivalen tar til. Etter så mange år sit ein inne med mykje god rutine. Ikkje for å skryta, men me treff ofte godt på bestillingane våre, ler Jorunn.

Under festivalen finn du Jorunn der oppe frå klokka 7 om morgonen til midnatt.

– Eg er berre heime og søv, men i år må eg ta det litt meir med ro. Eg har gode støttespelarar i Mona Christensen og dottera mi, Trine. Staben vår består av om lag 10 personar.

Mannen Tore og resten av familien er rundt Jorunn i matsalen og på kjøkenet.

– Dei veit ikkje kva det går glipp av. Eg forstår ikkje at det er eit ork å jobba dugnad. Du møter jo så mange positive menneske rundt deg heile tida. Det er travelt, men utruleg sosialt.

#### På smilekurs

Me får og mange gode kommentarar frå gjestene som kjem til Stord. Ein av dei var denne:

– Har de gått på smilekurs. Alle er jo så blide og løyser alle problema som dukkar opp. Ungane mine har vore med frå første dag og vekst opp med dette. Ikkje rart at dei trudde at Vikahaugane heite Handballfestivalen, smiler Bekkenes.

– Korleis føler du deg etter tre hektiske dagar med HF?

– Eg føler meg heilt utlada, men det er ein god trøyttleik, seier Jorunn Bekkenes, som har fått ny motivasjon etter ein tøffe runde på Haukeland. No ser drivjernet og matmora fram mot nye Handballfestivalar.

TEKST: RUNAR ØVREBØ

FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN



Jorunn Bekkenes og Ole Angeltveit fiksar det meste over grytene på Vikahaugane i den hektiske handballfestivalhelga.



## OLAUG TVEDTEN

**Hører på:** Pop og Hip-hop  
**Ser på:** Ulike humorprogram

**Et helst:** Taco

**Drikk helst:** Cola

**Drømmereisemål:** Manchester og Brasil.

**Favorittfag:** Gym, mat & helse og sløyd.

**Hobbyar:** Dykking, snowboard og ski

**Førebilete:** Lionel Messi og Marta

**Trikserekord:** 1247 (!)

# Travle veker for balltalentet **Olaug**

**Ein stor dose talent,  
blanda saman med ein endå  
større dose treningsiver.  
Dette ser bra ut.**

Handballavisa treff Olaug Tvedten ein regntung maidag i Prestagardsskogen. 11-åringen (12 i juli) skal spela kamp for gutelaget til Trott saman med blant anna broren, Tarje.

– Det er noko anna å spela med gutane, kjem det frå ungjenta. Ho fortel om eit raskare spel, og at dei eldre gutane ofte har betre teknikk.

– Det blir fleire pasningar og tøffare duellar, men det er kjekt å få prøvd seg på eit litt høgare nivå.

#### **Handball ved sida av**

Ein gong i veka skiftar Olaug ut kunstgras og fotballen med parkett og ei litt mindre kule.

– Handball er veldig kjekt og det er godt å gjera noko anna inne i mellom. Det er nok likevel fotballen eg legg mest vekt på og som eg satsar hardast på, vedgår ho. Målsetjinga er klinkande klar. Landslaget! Og så drøyer eg om å spela for damelaget til Manchester United!

#### **Lange ettermiddagar**

– Fotballtrening måndag. Talentskule og fotballtrening tysdag. Handball- og fotballtrening onsdag. Talentskule torsdag. Fotballtrening fredag. Eigentrening laurdag og søndag. Kampaktivitet for 3-4 ulike lag. Blir du ikkje frykteleg sliten?

– He-he, nei det går fint. Det er jo dette eg vil, og eg kunne ikkje tenkja meg noko kjekkare. Det hender likevel at pappa seier stopp, viss det har vore spesielt mykje aktivitet nokre dagar. Då tek eg meg ein fridag eller to, og så er det i gong att, forklarar sjetteklassingen.

JOAR HYSTAD

Olaug Tvedten er som onkel Håvard: Eit unikt balltalent. Håvard satsa på handballen og er proff og profil på landslaget. Olaug kjem til å satsa på fotball.





ABONNEMENT

# lokale nyhende

Hald deg oppdatert med viktige lokale nyhende. Få Sunnhordland heilt heim  
**måndag, tysdag, onsdag, torsdag og fredag morgon**  
Bestill på tlf. 982 29 141 eller på [www.sunnhordland.no](http://www.sunnhordland.no)

Me tilbyr  
**avtale  
giro**

Berre kr **195,-**  
pr. mnd. papir/PDF





**I haust, som einaste spelar fødd i 1995, vart Petter Hovland Skimmeland flytta opp i Stord HK sin elitestall.**

– Det var tøft i starten. Eg byrja på idrettslina og vart teken opp i a-stallen. Plutseleg var treningsmengda tripla, seier den sympatiske karen. Han legg ikkje skjul på at han ikkje var heilt førebudd på den store overgangen.

– Det var slitsamt, og eg var ofte småsjuk og trøytt. Etter kvart forstod eg at eg måtte leggja ned litt meir tid i søvn og kvile, i tillegg til å fokusera meir på å få i meg den rette maten.

Det hjelpte, konstaterer «Skimme».

17-åringen har allereie skåra mål i 1. divisjon, og er på full fart oppover. Kjekk er han òg, men som yngstemann på herrelaget slepp han ikkje unna.

– Det vert ein del «dissing» og erting, men det er noko eg må rekna med.

– Vil du gje lesarane eit døme på dette?

– Ja, i desse tider får eg sjølv sagt ein god del spørsmål om kva tid eg skal konfirmerast. Ein anna gong eg var sein til trening høyrde eg at eit par av spelarane hadde spurdt far min som var i hallen, om han hadde

gløymd å henta meg i SFO'en. Med andre ord, det er viktig å ha sjølvironi. Ein kjem ikkje langt utan, smiler ungalven.

#### **Tips frå Nyhammer**

Den kjappe venstrekanten siktar høgt, og er klar på kva han vil.

– Eg har eit mål om å verta utteken til juniorlandslaget, og med tida vil eg spela meg til fast plass på Stord. Fram mot sommaren vil han leggja mykje vekt på styrketrening. Strandsesongen er like rundt hjørne og det gjeld å vera klar. Eg må nok «biffa» meg opp litt. Biceps og mage/rygg vert sentralt. Eg kjem nok

til å gå i dialog med Øyvind Nyhammer når det gjeld oppstramming av desse muskelgruppene. Han er ekspert på det området, forklarar han med eit flir om munnen.

#### **Solskin og flotte damer**

– Kva minner har du frå handballfestivalen?

– Me møtte alltid Kjøkkelvik i finalen og me tapte kvar gong. Elles er det jo alltid mykje bra damer på Stord denne helga, og alltid strålende vêt. Ein får det ikkje betre, konkluderer kjekkasen.

# Tøff overgang for «Skimme»



Lasse Pedersen (12) scora for FÅF gutar 13, då dei vann 9-3 mot Fyllingen.

# Minne frå fjorårets festival



F.h. Foreldra til FÅF gutar 13, Karianne Ekberg, Marianne Svendsen, Svanhild Arnegård og Johnny Danielsen har rette supportarånden og duskar heftigt.



F.v. Elise Osborne (10), Kathrine Stava (10), Keila Kønig (10), Åse-Marit Flotve Myklebust (10), trener Shirly Kønig Åkra jenter 11.



Silje Tyse (13) scora tre mål for Stord jente 13 i kampen mot Sotra.



Elise Osborne (10) scora to mål då Åkra jenter 11 møtte Kvinnherad Rosendal jenter 11.



Helene Eiken (10) spelar på Fitjar jenter 10 som tapte denne kampen mot Sotra 1-6.

## INFORMASJON

### STEMNEKONTOR/SEKRETARIAT

Stemnekontoret er i Nye-hallen, forbi sjølve hallen i Konferanseavdelinga. Her får du hjelp til det meste. Turneringstelefon: 53 40 09 90. Det er betalingsterminal i sekretariatet og mogleg å ta ut pengar!

### VIKTIG OM KAMPOPPSETTET

Siste versjon av kampoppsettet/resultata er tilgjengelig på heimesida [www.handballfestivalen.no](http://www.handballfestivalen.no). Under festivalen vil resultata bli vist på skjermar i Nyehallen.

### PROTEST/JURY

Det oppnevnes en turneringsjury med arrangørens representant som leder. I tillegg består juryen av en nøytral leder frå gjestende lag, samt en representant fra dommerne. Eventuelle protester må nedleggjast i henhold til NHF's protestreglement, og gjerast skriftlig til juryen seinast 30 min. etter kampslutt. Protestgebyret er på kr 1000,- og må betalast inn når protesten vert levert.

### TURNERINGSREGLEMENT

Under kampane gjeld NHF sitt kampreglement for turneringar. NB! Aktivitetsserie G/J 10-11 spelar med 5+1 spelare. Minihandball 3+1 spelare.

### PULJER/SPELESYSTEM

Speletid: J/G 10 -14: 2 X 10 minutt, J/G 15 -18: 2 X 15 minutt. Innleiande serie der dei beste går til A-sluttspel og resten til B-sluttspel (I nokon klassar er det kun A-sluttspel).

### PULJERESULTAT/CUPRESULTAT

Ved poengskap i puljespel skal rekkefølga avgjerast slik:

- 1) Innbyrdes kamp om meir enn to lag har like mange poeng blir det «ny» tabell for desse laga.
- 2) Målskilnad innbyrdes kampar
- 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
- 4) Målskilnad alle kampar i pulja
- 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
- 6) Loddtrekning

Eit lag må spela alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspelet. Lag som spelar med dispensasjon er merka \*\* i kampoppsettet, og endar sist i puljespelet. Dei får spela første kamp i B-sluttspelet, men vil uansett tapa denne kampen.

I sluttspelet skal «første målet vinner» brukast ved uavgjort resultat etter ordinær tid. I sluttspelet kan speleforlenginga bli inntil 5 minutt ved fortsatt uavgjort resultat. Dersom stillinga er uavgjort etter 5 minutt speleforlenging vert kampen avgjort ved myntkast.

I finalane vert det spelt «første mål vinner» inntil kampen er avgjort. Ved uavgjort resultat etter ordinær tid i sluttspelet vert det brukt loddtrekning for å avgjera kva for lag som skal starta med ballen når det skal spelast «første målet vinner».

### LAGET SOM STÅR FØRST I KAMPOPPSETTET

Laget som står først i kampoppsettet startar med ballen, og startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

### PREMIUTDELING

For alle spelarar til og med 12 år vert det medaljeseremoni i Nyehallen på mandag morgen. Lag med lagleiarar stiller opp på baksida av Nyehallen seinast kl. 10:45. (Mrk. K i kartet.)

### FINALAR:

#### A-finalar:

G12A: 1235  
G13A: 1410  
G14A: 1500  
G16A: 1200  
J12A: 1135  
J13A: 1345  
J14A: 1435  
J15A: 1025  
J16A: 1310

#### B-finalar:

G12B: 1220  
G13B: 1355  
G14B: 1445  
J12B: 1050  
J13B: 1330  
J14B: 1420  
J15B: 1015  
J16B: 1250

Fair play: Etter J13A finalen.

Allstar: Etter at de aktuelle klassene er ferdige. (G/J 13 og 14)

### PREMIERING TIL BESTE KLUBB

Kr 10.000,- til beste klubb, kr 5.000,- til nr. 2 klubb. J/G 9-10-11 er ikkje med i konkurransen.

Utdeling er finaledagen når resultata er klare.

Poengberekning beste klubb:

### Klassar med fleire enn 20 lag:

- Vinnar A-sluttspel: 8 p
- Toar A-sluttspel: 6 p
- Vinnar pulje: 4 p
- Tapar semifinale A-sluttspel: 3 p
- Vinnar B-sluttspel: 2 p
- Toar B-sluttspel: 1 p

### Klassar med 10 – 20 lag:

- Vinnar A-sluttspel: 6 p
- Toar A-sluttspel: 4 p

- Vinnar pulje: 3 p
- Tapar semifinale A-sluttspel: 2 p
- Vinnar B-sluttspel: 1 p

### Klassar med mindre enn 10-lag:

- Vinnar A-sluttspel: 4 p
- Toar A-sluttspel: 2 p
- Trear A-sluttspel: 1 p

### BESTE KLUBB HISTORIKK

1990: Giv-Akt  
1991: Åkra  
1992: A.I.L./Bjørnar  
1993: Tertnes  
1994: Brønndalen  
1995: Tertnes  
1996: Bjørnar  
1997: Bjørnar  
1998: Bjørnar  
1999: Kjøkkelvik  
2000: Kjøkkelvik  
2001: Bjørnar  
2002: Kjøkkelvik  
2003: Fyllingen  
2004: Fyllingen  
2005: Fyllingen  
2006: Fyllingen  
2007: Askøy  
2008: Askøy, nr. 2 Fyllingen  
2009: Fyllingen, nr. 2 Sotra  
2010: Sotra, nr. 2 Kjøkkelvik  
2011: Sotra, nr. 2 Gneist

### PRAKTISK INFORMASJON, ORDENSREGLAR PÅ SKULANE

■ Når laget kjem til tildelt klasserom, må bord og stolar stuast vekk inne i same rom. VIKTIG! Dei skal ikkje setjast ut på gangen av omsyn til frie rømningsveggar i fall brann eller andre naudsituasjonar.

■ Alle må gjera seg kjend med rømningsveggar, nødutgangar, brannmeldarar og sløkkjestyrt. Gå gjen-

## OVERSIKTSKART

### BANE Nr.

1. Nye hallen
2. Gamle hallen
3. Racket hallen
4. Nordbygdohallen
5. Kunstgras
6. Kunstgras
7. Kunstgras
8. Kunstgras
9. Kunstgras
10. Kunstgras
11. Kunstgras
12. Kunstgras
13. Kunstgras
14. Kunstgras
15. Skeisebanen
16. Skeisebanen
17. Skeisebanen
18. Skeisebanen
19. Tennisbanen
20. Tennisbanen



### INFO Aktivitet etc. (A)

- A. Sekretariatet
- B. Kantine
- C. Samling tog til torget Leirvik skule
- D. Førstehjelp
- E. Buss avgang til Nordbygdohallen
- F. Grillfest
- G. Kanopadling
- I. Sand volleyball
- K. Oppstilling premieutdeling
- L. Hesteridning
- M. Basseng. Stord kulturhus
- P. Parkering
- W. Wartsila Scene
- H. Funballz
- S. SKL Mattelt
- Bo. Bobil oppstilling



### FORELDREVETTREGLER:

- Møt opp på trening og kampar – barna ønsker det
- Gi oppmuntring til alle spillerne under kampen
- Gi oppmuntring i både medgang og motgang – ikke gi kritikk
- Hjelp barnet ditt til å tåle både seier og tap
- Støtt dommeren - ikke kritiser dommeravgjørelser
- Respekter lagleders bruk av spillere
- Vis respekt for det arbeidet klubben gjør – tilby din hjelp
- Husk at det er barnet ditt som spiller håndball – ikke du

Vi står sammen  
om Fair Play  
Norsk Tipping og  
Norges Håndballforbund

nom branninstruks og plukk ut felles samlingsplass i tilfelle ein naudsituasjon.

- Det er strengt forbode å bruka open eld/røyking innandørs.
  - Ver merksom på brannfaren ved grilling.
  - Det er ikkje tillatt med vannballongar på skulen sitt inne- og uteområde.
  - Den enkelte lagleiar er ansvarleg for at det er ro på romma i rimeleg tid om kvelden.
  - Kl. 24.00 skal alle vera inne på rommet sitt!
  - Boss skal samlast i sekkar (kan hentast ved vakta), og skal bringast til vakta.
- Før avreise skal romma ryddast og kostast. Stolar og bord skal ryddast tilbake slik dei stod når de kom til rommet. Ingen lag drar frå skulen før klasserommet er inspisert/godkjent saman med vakta.
- Legg ikkje igjen pengar, mobiletelefonar mp3-spelarar/ipod eller andre verdisaker på rommet.
  - Respekter elevane som låner ut klasserommet sitt. La dei koma attende til eit like fint rom etter endt handballfestival.

#### TRYGGLEIK

Det blir lagt stor vekt på tryggleiken til deltakarane. Foreldre og klubbar som sender born/ ungdom til Stord under Handballfestivalen skal veta at tryggleiken er ivareteken. Handballfestivalen er sjølvstendig eit rusfritt arrangement.

Dersom brannalarmen går – forlat skulen straks. Lagleiar skal samla laget sitt utanfor skulen (på avtala samlingsplass eller ved flaggstang på skuleplassen) Lagleiar er ansvarleg

for oppteljing av sine lag og melder tilbake til vaktene.

**NB! Alle lag må pakka og sjekka ut romma sine innan kl. 10. på måndag!**

#### LAGFOTOGRAFERING

Fotografen er i tilgjengeleg laurdag kl. 15-21. Stad: sjekk i sekretariatet.

#### SERVERING AV MAT I «TURNKASSEN»

Frukost og middag vert som vanleg servert i Turnkassen vegg i vegg med «Nye hallen». Det vert følgjande opningstider:

#### Laurdag:

Frukost: 07:30 – 10:30  
Middag - Taco: 13:00 – 17:00

#### Sundag:

Frukost: 07:30 – 10:30  
Middag – Kjøttkaker: 13:00 – 17:00

#### Måndag:

Frukost 07:30 – 10:00  
Middag - Kylling/ris: 12:00 – 15:00

#### TRANSPORT UNDER FESTIVALEN

Dei laga som bur på skular utanfor nærområdet til Vikahaugane kan bestilla transport til og frå overnattingsstaden. Dette kan gjerast ved å ringa til telefon 93447840. Bestill transport i så god tid som mogleg. Transport er inkludert i kortavgifta.

#### FØRSTEHJELP/SKADESOVE

Førstehjelparane er stasjonert i sportsenteret (Inn døra og til venstre). Kontakt med lege eller tannlege skjer gjennom dei på skadestova.

#### PARKERING

Beste parkeringsplassen er ved Stord vidaregåande skule – Saghaugen og

ved Stord vidaregåande skule – Vabakkjen. Det er også mogleg å parkera ved Biltilsynet, bak Stord Hotell og ved Kulturhuset. Ingen av desse plassane er meir enn 5 minutt unna festivalområdet. Det er kun bilar med adgangskort som har løyve til å kjøra innpå festivalområdet – dette bed me alle respektera- Di med campingvogn må venda seg til sekretariat for tilvisning av plass.

Med bed alle respektera at Bjelandsvegen og område rundt brannstasjonen ikkje skal nyttast til parkering (hugs at brannbilane må ha fri utgang)

#### FRITIDSSAKTIVITETAR

##### LAURDAG 26. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00. Tog frå Leirvik skule, oppstilling frå kl. 11:00, avgang kl 11:30.

Opning Handballfestivalen på Torget kl 12:00 v/ Håvard Tvedten.

Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet) kl 15:00 – 21:00.

Hesteriding ved Vikastemmo (andedammen) kl 15:00 – 19:00.

Kanopadling kl. 15:00 – 19:00.

Grillfest (skuleplassen ved Ungdomsskulen).

Varme grillar til bruk for deltakarane kl. 19:30 – 23:00

Allsang på Wärtsiläscenen kl 19:30 – 23:00

- Trikseshow med Fridar Steinkopf (Rockeringer og diablo)

Funballz kl. 12:00 – 19:3.0

##### SUNDAG 27. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00

Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet) kl 09:00 – 21:00  
Hesteriding ved Vikastemmo (andedammen) kl 14:00 – 17:00  
Kanopadling kl. 12:00 – 15:00  
Funballz kl. 12:00 – 19:30  
Konsert på WÄRTSILÄ SCENEN med Jenny Logva og 4Adamas (21:00)

##### MÅNDAG 28. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 17:00

A-finalane går i Nyehallen og B-finalane i Gamlehallen måndag. Flotte premieseremoniar fortløpande i Nyehallen etter kvar finale frå kl. 10.00 – 15.30

Høgdepunktet er kl. 11.00 når alle spelarane i klassen J/G 10, 11 og 12 «slangar» seg inn i Nyehallen etter Handballtrolltet, og Runar får rockestemminga i taket, før alle får sin velfortente medalje frå Handballfestivalen 2012.

**Alle er velkomne på tribunen i nyehallen til denne flotte opplevinga. Me oppmodar lokalbefolkninga på Stord til å leggja turen til Vikahaugane i pinsehelga!**

## KOMMENTAR

# På tide å vakna

■ ■ Me er klare for den 23. Handballfestivalen på Stord. I løpet av desse åra har 60.000 ungdommar i alderen 8-18 år teke med seg gode opplevingar som dei har med seg for resten av livet. For mange har Stord blitt eit paradys på jord med sol, blide menneske og kjekke opplevingar som har gjeve positive ringverknader.

Ikkje har berre dei unge hatt sine oppturar. Både foreldre og besteforeldre har fått med seg den utrulege stemminga som Handballfestivalen byr på. Menneske kjem tett på kvarandre og saman skapar dei positive relasjonar og det gir ein indre glede som ein lever lenge på.

Difor er det mange som reiser frå Stord med smil om munnen og der dei spreier dette vidare kor gjevande dette handballeventyret er. Stord blir sett på kartet og sikrar seg eit godt omdømme i store deler av Sør-Noreg.

#### Ikkje noko kjem av seg sjølv

Mykje planlegging og hardt arbeid ligg bak dei vellukka Handballfestivalane. Men har lokalsamfunnet og ikkje minst Stord kommune forstått kva dette dreier seg om?

Me gler oss over at Vatlé & Co har fått god støtte og hjelp til Stordfest gjennom underskotsgarantiar. Forstå meg rett at slike «happeningar» er viktig for lokalsamfunnet. Men dette er ein annan fest for vaksne og med eit anna innhald.

Me har i mange år prøvd å få kommunen med på laget gjennom ei utstrekkt hand. Men diverre har me ofte blitt møtt med fine ord og blitt brukte i festtalar kor viktig dette arrangementet er.

Under årets festival set me ny rekord med 267 lag. Det skal arbeidast 6.000 dugnadstimar for å få dette vel i hamn.

Tar me eit snitt på 4.500 dugnadstimar i 23 år blir det over 100.000 dugnadstimar.

I staden for å få støtte er det Handballfestivalen som har «sponsa» kommunen med å betale leige for hallane og overnatting på skular. Lager me eit enkelt reknestykke for årets Handballfestivalen vil kommunen få følgjande inn på sine kontoar:

Halleige: om lag 50.000  
Leige av basseng: 20.000  
Leige av skular: 130.000  
Totalt kjem tala opp i 200.000

kroner pr år. Då har òg festivalen alle utgifter med vask og eventuelle skader på anlegg.

Tar me dette oppsettet og gangar med 23 år, så kan alle sjå at det blir millioninntekter for kommunen.

#### Møter stengte dører

Me har i mange møte og i mange år snakka for døve øyre. Me ber ikkje om anna enn å få låne anlegga gratis og har aldri bede om ein underskotsgaranti.

Me opplever også ein tung kamp om å få

komme inn på enkelte skular. Då lurar me på kven som «eig» skulane. Det er kommunale anlegg som alle innbyggjarane skal nytte godt ut av. Me forstår godt at det kan vera rom som har verdifullt utstyr. Men byggjer ein skulane så fine at me ikkje kan ta imot gjester i framtida, så slit me. Det hadde vore ei fallitterklæring å måtte ty til Fitjar og Bømlo for å få dette til.



Kanskje må me gå til private aktørar for å løyse overnattingsproblematikken. Men slik skal det ikkje vera.

Det er ikkje berre oppe på Vikahaugane og rundt om på skulane det er liv. Båthamna, hotella og utestadane gnir seg i hendene når Handballgruppa lagar til fest.

#### Jubileum

I 2014 fyller Stord IL 100 år. Handballfestivalen 25 år. Me har alt byrja å skape oss visjonar om å utvida festivalen til å bli over 300 lag, og til å få skape nordisk forbrødring gjennom svenske, finske, islandske og danske lag. Men skal me få dette til, så må haldninga endre seg i lokalsamfunnet. Me kan ikkje møte stengte dører rundt om på skulane. Me må òg ha lokalpolitikarar som våger å ta grep og sjå at dette er noko å satse på i framtida. Handballfestivalen er den største og viktigaste, slik som Norway Cup har blitt i Oslo. Me er ikkje i tvil. Dette er ein vinn-vinn-situasjon som ein ikkje kan sei nei til. Velkommen med på laget, og velkommen til ny Handballfest på Stord

**Runar Øvrebø**  
(Har vore med i 23 år)



treffstaden  
i sentrum

Borggata 20, Leirvik på Stord  
Tlf. 534 10 534



Postboks 155, Osen 5, 5401 Stord. Tlf. 53 40 96 00

På festivalområdet kan du kjøpa is frå



*Bu godt og rimeleg*

ALMÅS HOTELL  
Tlf. 53 40 99 99  
Kjøtteinsveien 60, 5400 Stord  
mail: post@almas-hotell.no  
www.almas-hotell.no

BU GODT PÅ STORD

**Velkomen innom for ein  
hyggjeleg handel!**

Opningstider pinsen 2012:  
fredag 06.00–23.00 – lørdag 08.00–23.00  
søndag 09.00–23.00 – mandag 09.00–23.00

**Statoil Leirvik**

Vabakken, 5411 Stord  
Telefon 53 41 35 22



**STATOIL**

**FRONTA**

www.frontagruppen.no



VI ER STOLTE AV Å FÅ BIDRA TIL UTVIKLING AV FREMTIDEN

**FRONTA**

www.frontagruppen.no

IBOX www.ibox.no



**SKL - Ein utfordrande  
og trygg arbeidsplass**

I SKL har me som visjon å vera eit kraftsenter for  
framtidretta energiforsyning. For å greia det, er me  
avhengige av dyktige medarbeidarar. SKL kan tilby  
nyskapande, utfordrande og trygge arbeidsplassar.  
Hjå oss vil du jobba i eit konsern som er ny-skapande,  
samfunnsbevisst, kompetent og kundeorientert.



SKL er eit regionalt energikonsern. Med grunnlag i primæraktivitetane kraftproduksjon  
og overføring er det dei siste åra utvikla nye forretningsområde, mellom anna innan IKT,  
breiband og naturgass. Konsernet er i vekst og positiv utvikling, og me er i dag 140 tilsette.

www.skl.as



Velkommen til AMFI Stord  
med over 40 butikkar  
fordelt på ulike bransjar



**AMFI Stord  
spelar på lag med  
Stord-handballen,  
og vi håpar det  
blir ein kjempeflott  
handballfestival**

**NB! Pinseftan ope: 10-16**

AMFI STORD – MØTEPLASSEN  
OPE MÅNDAG-FREDAG 10-20 (MENY 9-20) • LAURDAG 10-18 (MENY 09-20)  
AMFI.NO/ STORD

# Installasjon Service Kontroll



**ADVANTEC  
ELEKTRO**

**Døgnvakt**  
Tlf: 53 40 30 80

[www.advantec.no](http://www.advantec.no)

**Advantec Elektro, ein del av Advantec gruppen**



Realiser potensialet  
ditt i Kværner

**KVÆRNER™**

Vi har  
**SALGSTELT**  
på Handball-  
festivalen

**sport 1**  
[www.sport1.no](http://www.sport1.no)  
**Stord**

**AMFI Stord - Tlf. 53 40 31 80**

SPAREBANKEN VEST LEIRVIK | SPV.NO | TLF. 05555

# Vi styrkjer idrettsmiljøet på Vestlandet

Med lokal kunnskap, økonomi og langsiktig tankegang bidreg vi til at idrettsmiljøet på Vestlandet utviklar seg vidare, og til at rekrutteringa blir sikra.

Velkommen som kunde hos oss! Ring 05555 eller gå inn på spv.no. Vi ordnar alt det praktiske for deg.  
**Vi er herfrå. Det gjer ein forskjell.**



OKTAN Stord

**Fra kr 795,-\***  
\* enkelrom m/ frokost, helg.  
Vi kan skaffe billetter til revy.

## Fest **HARDT** SOV mykt



 **STORD HOTELL**

RING 53 40 25 00 • WWW.STORD-HOTEL.NO

### VÅRE STORE SAMARBEIDSPARTNARAR:



### ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR:

- |                             |                         |   |
|-----------------------------|-------------------------|---|
| Advantec Elektro            | Heiane Storsenter       | Sport 1 Stord   |
| Fronta                      | Tveit Regnskap          | Engevik & Tislevoll   |
| Grov Grasklypp              | Stord Idrettspark       | Apply   |
| Fitjar Kraftlag             | Vest Catering           | AVIS Bilutleige   |
| Sunnhordland Eiendomsinvest | Bakeriet Frugård        |  <b>VITAMIN WELL</b> |
| Pacta                       | Sim Næring              | Test Centre   |
| Hennig Olsen                | Engevik Byggsenter      | Mongstad Prosjektet   |
| Stomas                      | Mediehuset Sunnhordland | Kværner Stord   |